



Jostein Gunnar Instebø
Bjørndalsbakken 8
5171 LODDEFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7527 - 21/60272

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
13.09.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 497/3,4 Instebø

Tiltak: Søknad om deling
Byggjestad: Gbnr 497/3,4
Søklar: Jostein Instebø

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 31.08.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Grunngeving for at det skal gjevast dispensasjon er noko svak. Sjå vedlagte informasjonsskriv om søknad om dispensasjon.
2. Det manglar kvittering for nabovarsel frå eigar av gbnr 497/10 og 497/11.
3. Nabovarsel sendt til Statens Vegvesen skulle vore sendt til Vestland Fylkeskommune som eig og har ansvar for fylkesvegane. Det må undersøkjast om Statens Vegvesen har vidaresendt nabovarselet til fylkeskommunen.
4. Om mogleg er det ønskjeleg at det vert oppgjeve rett bruksnummer for avgjevareigedomen. Anten er det bnr. 3 eller bnr.4.
5. Erklæring om rett i fast eigedom for vegrett og vass- og avlaupsleidningar er ikkje lagt fram. Vedlagte skjema kan nyttast. Det skal leverast 2 originalar. Nytt bnr. Kan setjast ope for seinare utfylling.
6. Det må søkjast om utvida bruk av avkjørsla. Dette kan gjerast på Statens Vegvesen sine nettsider: [Søk om avkjørsel | Statens vegvesen](#)

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.10.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon(458297)
erklæring-om-rettighet_nyn

Mottakarar:

Jostein Gunnar Instebø
Maria Seilfaldet Pletten

Bjørndalsbakken 8
Slettevegen 675

5171
5939

LODDEFJORD
SLETTA